



Studentombodet HVL

studentombodet.no

Årsrapport
2018



Høgskulen
på Vestlandet

Studentombodet

Kontaktinformasjon

Telefon (+47) 555 87 036
E-post studentombodet@hvl.no
Messenger [@studentombodet](https://www.instagram.com/studentombodet)

Sider og sosiale media

Nettstad Studentombodet.no
Facebook [@studentombodet](https://www.facebook.com/studentombodet)
Twitter [@studentombodet](https://twitter.com/studentombodet)
Instagram [@studentombodet.no](https://www.instagram.com/studentombodet.no)

Høgskulen på Vestlandet
v/ Studentombodet
Postboks 7030
5020 Bergen



Foto: Kjersti Hatlestad

Føreord

Det er med stor glede eg kan legge frem den andre årsrapporten for studentombodstenesta ved Høgskulen på Vestlandet.

Nytt av året er at rapporten er meir konkret om høva ved HVL. Det som elles gjekk frem av ein omfattande rapport i 2017 vil bli gitt som informasjon på studentombodet.no. Eg håpar det vil bidra til ei meir målretta rapportering samstundes som det tek vare på behovet for å vise allmenta kva studentombodet er og driver med.

I 2018 har studentombodet si verksemd auka i konkrete saker. Samstundes har kompleksiteten gått noko ned. Som de vil sjå av denne rapporten anbefaler eg at HVL går i lag med fleire institusjonar om å tilby studentombodstenester til studentane. Det vil truleg styrke tenesta på sikt - og samstundes spare staten for pengar.

I denne rapporten tek eg føre meg saker som har blitt avslutta i 2018. Det er av di organisasjonen må få anledning til å handsame ferdig ei sak før den blir gjenstand for offentleg observasjon.

Rapporten inneheld ei kort oppsummering av kva

som har hendt med dei strategiske anbefalingane frå i fjor. I tillegg er det sjølvsagt nye anbefalingar av året. Årets anbefalingar er løfta til eit høgare strategisk nivå enn året før. Eg håpar det passar betre med styret sine ambisjonar og arbeidsform. Samstundes er grada av alvor noko høgare. Det skuldast nok både at tendensar i systemet er blitt meir synleg, og at ein ikkje har klart å legge bak seg fusjonsstøy som burde vært ordna opp i.

Sjølv om deler av rapporten er via til å belyse problem og utfordringar må ein ikkje bli ille til mots. Det overordna bilete er endå at Høgskulen på Vestlandet er ein god høgskule, kor studentar flest har det bra og blir tatt på alvor.

Med ynskje om god lesing!

Sindre Rødne Dueland
Studentombod

Innhold

Føreord	3
♦ Statistikk for sakshandsaminga	5
♦ Oversikt over saker i 2018	11
♦ Offentleg verksemd	15
♦ Strategiske anbefalingar	18
- Oppfølging av tidlegare strategiske anbefalingar.	19
- Strategiske anbefalingar 2019.	20
♦ Om Studentombodet	21
- Organisering.	22
- Mandat for Studentombodet.	23

Statistikk for sakshandsaminga

Sakshandsaming er Studentombodet sin primæroppgåve. I mandatet til ombodet er det gitt tre særskilde føresegn om saksarbeidet.

Studentombodet har ansvar for å gi studentane råd og hjelp i saker der studentane sjølv ber om hjelp.

Studentombodet skal sjå til at sakene blir handsama forsvarlig og korrekt.

Studentombodet skal sjå til at studentane sine rettar blir teke vare på.

Statistikken dekkjer så godt som mogleg saksbildet for studentombodstenesta ved HVL.






Saksfordeling

Det var ein liten oppgang i saker frå året før, der det var 130 saker i 2017 var det 189 saker i 2018. Òg i kvar sakene kjem frå og kva dei gjeld er det nokre skilnader frå året før. Jamt over er det derimot et ganske likt bilete. Samstunds som det er blitt fleire saker i 2018 har kompleksiteten i sakene tatt seg merkbart ned det siste halve året.

I 2018 var det ein liten oppgang frå 130 saker året før til **189 saker i 2018**. Ein av grunnane til at det er fleire saker hjå studentombodet i 2018 er openbart at ombodet ikkje var i drift i heile 2017. Det var òg første året og ordninga vart ikkje godt nok kjent til at ein med rette kan samanlikne dei to åra.

Når det gjeld fordeling av saker per måned har det òg vore ei auke i saker frå 2017 til 2018. Som ein kan sjå i den månadsfordelte grafen er skilnaden liten i haustsemesteret sine fire første månader. Det som kanskje er mest interessant er auka i desember. Der ser ein at det er mykje fleire saker utan at det er noko naturleg forklaring på det.

I 2018 var januar og desember dei to månadene med klart flest saker. Når ein i 2020 får frem endeleg statistikk for 2019 vil det vere interessant å sjå om



dette er ei vedvarande endring. Det som allereie er klart er at 2019-tala for januar òg er noko høgare enn året før. Sett på ein annan måte er det altså ikkje slik at fleire saker i desember fører til færre saker i januar, som kunne vore ein forklaring på auka.

Saker per sakstype

Saksfordelinga per sakstype viser at det er eit stort fleirtal av saker knytt til eksamen og vurdering. Statistikken over saksfordelinga etter type vil bli endra og om mogleg standardisert i samarbeid med andre studentombod i løpet av dei neste åra. Slik den ligg føre seg no gir den ikkje nødvendigvis eit godt bilete på kva sakene eigentleg gjeld og ein bør vere varsam med å tolke for mykje ut av talla. Nokre saker kan òg først gjelde eit saksområde og utvikle seg til etter kvart å gjelde noko heilt anna.

Saker per studiestad

Det er ikkje overraskande flest saker får studiestad Bergen. Av dei andre studiestadene skjuler «ukjent og felles» ein del saker som i røynda kanskje kunne fått nemnt studiestad. I tillegg er det ein del generelle spørsmål som kjem frå tillitsvalde som dekker fleire studiestadar. I ein del saker er problemstillinga òg kjent av studentombodet før saka kjem inn, gjen-


nom møte med tillitsvalde på studiestadane. Slike saker blir likevel ikkje ført på den einskilde stad om ikkje det er klart i løpet av sakshandsaminga kvar den spring ut frå. Studentane har ikkje fått spørsmål om kvar ho eller han studerer om det ikkje har vært relevant for saka.

Saker per fakultet

Samanstilling av saker per fakultet er meir nøyaktig enn samanstillinga av saker per studiestad. Den er ny frå hausten 2018 og innhaldet kan ikkje tolkast for nøye. Samanstillinga er likevel tatt med i denne rapporten sidan det ikkje er syna nokre særlege avvik i løpet av hausten 2018. Det er verd å merke seg at det berre gjeld saker med kjent fakultet og at det er 18 % av sakene der fakultetstilknyttinga til studenten er ukjent.

Språket til studentane

På grunn av krava i mållova blir målføret til studentane registrert når dei tek kontakt. For den som er særst interessert kan ein her sjå kva målføre studentane som tek kontakt med studentombodet nyttar. Denne delen av statistikken er ei samla relativitets-skive frå både 2017 og 2018.



Studiestadane


Størsteparten av sakane har framleis opphav i Bergen, og det er òg her det har vært størst auke i saker. Det kan vere fleire årsaker til dette, men ei klar oppfatning er at studentorgana i Bergen er betre organisert og har tettare kontakt med studentane enn på dei andre studiestadene. Det fører truleg til at studentane lettare finn frem til studentombodet når dei har behov for bistand.

Sjølv om mengda saker er størst i Bergen er det ikkje her trykket er størst når det gjeld kompleksiteten i sakene, eller kor alvorlege dei er. Av alle studiestader skil Stord seg ut som den studiestaden kor studentane er minst nøgd og kor det er størst problem med større grad av alvor. Av saker som har medført meking eller samtale der studentombodet har vært til stades har om lag to tredjedelar av sakene vore på Stord.


Som ein kan sjå av statistikken er det svært lite saker i Haugesund. Det er litt vanskeleg å forstå kvifor Haugesund skil seg slik ut. Studentombodet har stått på stand ved fleire høve i Haugesund og har god kontakt med lokalt studentdemokrati. Som nemnt over er det nokre saker som blir ført som «ukjent» sjølv om det truleg kunne blitt plassert på ein studiestad. Haugesund har ein del slike saker, men det er ikkje nok til å forklare det store gapet mellom Haugesund og andre studiestader.

Elles er saksmengda frå dei forskjellige studiestadene stort sett som forventa. Av ukjent og felles er det ein del saker som går rett på felleseiningar, men det er ingen ting i den underliggende statistikken som skil seg ut så mykje at det bør nemnast i rapporten.


Fordeling på studiestad i 2017



Fordeling på studiestad i 2018



Utvikling i saker per studiestad



Fakulteta

Frå og med hausten 2018 er det ført ein oversikt over kva fakultet sakene stammer frå. Statistikken er ny og det er ikkje mange nok saker til at den bør danne eit bilete av skilnader mellom fakulteta. Den er tatt med for å syne korleis fordelinga har vært etter innføringa av nytt sakshandsamingssystem hausten 2018. Statistikken her skal på sikt danne grunnlag for rapportering direkte til fakulteta.

I den litle statistikken som ligg føre er det nærmast perfekt balanse mellom relative saker og studentar på FIN og FØS. På FHS og FLKI er bildet noko anna. Om ein ikkje hadde sett på dei relative tala ville FLKI kome dårleg ut i statistikken. Eit intrykk ombodet hadde før utrekninga var at FLKI var overrepresentert i statistikken for hausten. Den relative fordelinga syner at bildet ikkje er så ille.

Når det gjeld einingar på lågare nivå er det forsøkt ført statistikk for dei. På grunn av måten saker kjem inn på har det derimot vist seg vanskeleg å vere nøyaktig i føring av slik statistikk. Studentombodet sin statistikk for einingar vil difor ikkje syne fleire detaljar enn fakultet.


Samstundes som statistikken ikkje går nøyare inn på einingane har det vore nokre lokale einingar som har peikt seg ut. Studentombodet si vurdering er at slik statistikk ikkje kan førast nøyaktig og at det difor blir feil å syne til det i rapporten til rektor og styret. Der det kjem frem tendensar på lågare nivå enn fakultet meiner studentombodet det er betre å gjer fakultetsleiinga merksam på det enn å legge det frem

på institusjonsnivå.


Sjølv om fordelinga er nokon lunde jamn mellom fakulteta er det klart at det er kompleksiteten er større i nokre saker enn andre. Statistikken har vanskeleg for å syne slike tilhøve. Det klare intrykket frå 2018 er at det er større misnøye hjå studentane på FLKI enn andre fakultet. Det er òg dette fakultetet som står for dei fleste sakene med høg kompleksitet.

Det kan vere fleire årsaker til at FLKI skil seg ut. Mellom anna har FLKI stor bruk av arbeidskrav, studieturar, skikkavurdering og praksis. Samstundes er fakultetet organisert på ein komplisert måte og det har vore omlegging av strukturen på grunnskulelærarutdanninga. Det er mange fallgruver på same stad.

Fakultetsfordeling hausten 2018




Relativ fakultetsfordeling



Målføre

I tillegg til den saklege statistikken har studentombodet ført statistikk over kva målføre studentane nyttar når dei tek kontakt med studentombodet. Det som har vore litt overraskande i den samanhengen er ikkje nødvendigvis den konkrete statistikken (her representert med eit kakediagram), men kva målføre studentane blir svara på av høgskulen. Det skjer støtt og stadig at studentar som nyttar bokmål får svar på meldingar til høgskulen på nynorsk. Det er ikkje i samsvar med mållova og Høgskulen på Vestlandet er rett og slett ikkje god nok til å følgje kravet i mållova § 6. Studentombodet har ikkje utforma nokre strategiske anbefalingar på dette området i år, men om ikkje situasjonen betrar seg kan det kanskje vere nødvendig med kuring av dei tilsette i bruk av bokmål i framtida.

Bokmål eller nynorsk?



■ Bokmål ■ Nynorsk

Oversikt over saker i 2018

Oversikta inneheld ei oppstilling av saker som har vært innom Studentombodet for handsaming, og er avslutta per 31. desember 2018.



Alle saker

17/0001	Mobbing	18/0021	Rett informasjon
17/0007	Materialpengar	18/0024	Konteeksamen
17/0011	Klagerett på gruppeeksamen	18/0025	Betaling for kurs
17/0018	Fristforlenging	18/0028	Honorar
17/0030	Forsikring for studentar	18/0029	Frist for fastsetting av eksamen
17/0031	Vaksine av studentar	18/0030	Registrering i einingsregisteret
17/0048	Klage på arbeidskrav	18/0031	Heiltidsutdanning
17/0065	Arbeidskrav	18/0032	Nasjonal deleksamen
17/0070	Politisk fridom i menneskerettslova	18/0033	[sensurert]
17/0091	Tilrettelegging for tillitsvald	18/0034	Klagekomisjon
17/0092	Godskriving	18/0036	Høyring - retningslinjer konflikt
17/0094	Stryk i praksis	18/0037	Transseksuelle sine rettar
17/0095	Politiattest	18/0038	Fjerde eksamensforsøk
17/0106	Faktura for studietur	18/0039	Praksis
17/0111	Sei ifrå	18/0040	Klagesensur
17/0114	Tilrettelegging	18/0046	Politiattest
17/0124	Sjukemelding	18/0047	Praksisutveksling
17/0125	Undervisning	18/0048	Varsling
18/0001	Kopiavgift	18/0050	Fristar
18/0002	Kompensasjonsoppgåve	18/0051	Heimeeksamen
18/0004	Arbeidstid i praksis	18/0052	Klage på avslag
18/0005	Rettleiarkompetanse	18/0053	Timeplan for gruppe
18/0006	Undervisningstimar	18/0054	Frist for timeplan
18/0007	Helgedag i praksis	18/0055	Praksis i helg
18/0008	Fritak frå obligatorisk undervisning	18/0056	Tilrettelegging
18/0009	Tilrettelegging	18/0057	Innsyn
18/0010	Eigenbetaling	18/0058	Fråvær
18/0011	Sjukemelding	18/0059	Eigenbetaling for studietur
18/0012	Sensurfrist	18/0060	Utforming av eksamensoppgåve
18/0013	Ansiktsdekkande hovudplagg	18/0061	Registrering i register
18/0014	[sensurert]	18/0063	Gjennomføring av valfag
18/0015	Klage- og grunngevingsfrist	18/0064	Informasjon om oppgåve
18/0016	Utestenging	18/0065	Læremiddel
18/0018	Frie studiepoeng	18/0066	Obligatorisk undervisning
18/0019	Handsamingstid for refusjon	18/0067	Overlappande heimeeksamen
18/0020	Bacheloroppgåve	18/0068	Heimeeksamen

18/0071 Endring av timeplan
 18/0074 Høyring - skikkanemnd
 18/0075 Stryk på avsluttande eksamen
 18/0076 Kompensasjonsoppgåve
 18/0077 Skademelding
 18/0078 Plagiat på gruppeeksamen
 18/0079 Læringsmiljø og -kvalitet
 18/0080 Ikkje bestått praksis
 18/0081 Klagesensur
 18/0082 Arbeidskrav for tillitsvalde
 18/0083 Forsinka sensur
 18/0084 Feil ved tilrettelegging
 18/0086 Utveksling
 18/0087 Tilrettelegging
 18/0089 Læringsmiljø i praksis
 18/0090 Tilrettelegging
 18/0091 Bustad i praksis
 18/0092 Fråvær
 18/0093 Opptak på vilkår
 18/0094 Emneskildring og vilkår
 18/0095 Innleveringsfrist
 18/0096 Konteeksmaen
 18/0097 Skade i undervisning
 18/0098 Konteeksamen
 18/0099 Arbeidskrav med barn
 18/0100 Arbeidskrav og vurdering
 18/0101 Ukjent sensor
 18/0103 Ikkje bestått praksis
 18/0104 Skademelding
 18/0106 Skikka
 18/0107 Høyring - praksiskostnader
 18/0108 Fusk
 18/0109 Arbeidskrav
 18/0110 Problem med eksamen
 18/0111 Forsinka grunngeving
 18/0112 Offentleggjering av karakter
 18/0113 Trakassering

18/0114 Klage på gruppeeksamen

Nytt sakshandsamingssystem

#115 Grunngeving på karakter
 #116 Sertifisering.
 #133 Forsinka sensur
 #134 Studentbustad
 #137 Frist for fastsetting av timeplan
 #138 Utsett studieprogresjon
 #147 Ny eksamen
 #151 Internovergang mellom studiestader
 #153 Kutt i rettleiing
 #155 Frist for litteraturliste og semesterplan
 #158 Tap av studieplass
 #159 Gjentak av eksamen
 #160 Tap av studieplass
 #166 Ressurskutt
 #170 Trakassering
 #188 Klagehandsamingstid på sensurvedtak
 #189 Utvida tid på eksamen
 #190 Fritak frå obligatorisk undervisning
 #191 Utestenging på grunn av fusk
 #193 Demokratitid og praksismøte
 #194 Amme
 #196 Kontradiksjon og innsyn
 #197 Feil på vitnemål
 #199 Klagesensurfrist
 #201 Ressursfordelingsmodell
 #202 Undervisningstid
 #206 Flytta obligatorisk undervisning
 #207 Tapt studieplass
 #209 Klage på karakter
 #211 Demokratitid
 #212 Timeplan
 #217 Lydopptak av forelesning
 #219 Klage på parkering
 #233 To eksamenar på same dato

#234 Fråvær frå obligatorisk undervisning	#296 [sensurert]
#236 Timeplan	#297 Eksamensdato
#237 Personvern i forskning	#298 Nedlagt emne
#241 Ekstern eksamen	#305 Midtveisevaluering
#244 Kort frist for obligatorisk oppmøte	#306 Verknad av stryk
#246 Munnleg eksamen	#307 Flytta obligatorisk undervisning
#248 Eksamen på anna studiestad	#309 Kjøp og sal av praksisplassar
#249 Eksamen	#312 Uoversiktleg planlegging
#250 Alternativt arbeidskrav	#313 Klage på eksamen
#256 Tidlegare studie	#316 Klage
#257 Heimeeksamen	#319 Canvas
#261 Oppmelding til eksamen	#324 Konsekvensar ved forsinka sensur
#262 Personopplysningsloven i praksis	#325 Saksgang ved klage på formelle feil
#263 Vitnemål	#329 Feil lengde på eksamen
#267 Studietur	#339 Eksamen på feil målføre
#268 Kunnskapskrav	#340 Eksamen på feil målføre
#270 Språk på eksamen	#344 Gjennomføring av munnleg eksamen
#272 Klage på administrering av utdanning	#346 Møte
#273 Spørsmål om masteroppgåve	#349 Uønskt hending
#278 Demokratitid	#352 Konteeksamen
#283 Sensurfrist	#354 Heimeeksamen
#289 Refusjon for praksisutgifter	#360 Ansvarsområde
#290 Arbeidskrav	#362 Problem med HVL
#294 Lesedag før eksamen	#373 Husleige
#295 Utsett eksamen og sensur	

Offentleg verksemd

Den offentlege verksemda til Studentombodet er alle deler av tenesta som ikkje er retta inn mot einskildsaker.

Studentombodet har ansvar for å gi studenttillitsvalde opplæring i rettar og plikter for studentane.

Studentombodet har ansvar for å informere studentane om tenestene Studentombodet tilbyr.



Opplæring av studenttillitsvalde

Studentombodet har deltatt på opplæringar av tillitsvalde i 2018, i samarbeid med andre gode partnerar.

I regionane

Studentombodet hadde saman med Saman, Velferdstinget og Studenttinget kurs for studenttillitsvalde i regionane i 2018. Det var noko meir vellukka enn tidelgare kurs i regionane. Ombodet har òg halde føredrag for studenttillitsvalde i Sogndal ved eit høve.

Organisasjonskurs

Studentombodet har deltatt på Studenttinget si kurshelg i Ulvik og har halde to føredrag for studentane der. Av kursa ombodet held synes desse å vere dei føredraga som har størst nytte. Både med tanke på generell opplæring og med tanke på kontakt med studentane.

Generelt

Studentombodet har god kontakt med studentdemokratiet og tilbyr kurs i alle ledd. Diverre er det ikkje like lett å motivere studentane til å komme på dedikerte kurs hjå ombodet, så målsetnaden til ombodet er å kunne tilby opplæring i samband med anna tillitsvaldsopplæring.

I 2019 held ombodet på med å utarbeide ei løysing for opplæring i Canvas saman med mellom anna Studenttinget.



Marknadsføring av Studentombodet sine tenester

Marknadsføring til studentombodet handlar om digital tilgang. Til det beste for både ein spreidd studentpopulasjon og for miljøet.

Studentombodet arbeider med å vere tilgjengeleg og kjent for studentane på HVL uavhengig av studiestad. Mykje av arbeidet går meg på å vedlikehalde elektroniske portalar og for eksempel halde julekalender i desember. I tillegg er ombodet ein del på stand rundt om i regionane.

Elektronisk marknadsføring

Den elektroniske marknadsføringa skjer via studentombodet.no, Facebook, Instagram, Snapchat og i svært liten grad på Canvas (kunn éi melding om julekalenderen i 2018).

Målet med elektronisk marknadsføring er å nå ut til studentar uavhengig av studiestad. Samstundes er det svært vanskeleg å vere målretta. Erfaringane er likevel at den tida ombodet nyttar til å utforme

elektronisk marknadsføringsprodukt gir god avkastning på saker ombodet får.

Fysisk marknadsføring

Den fysiske marknadsføringa er først og fremst på stand. Stand blir nytta for å synleggjere studentombodet.no som ein plattform studentane kan nytte seg av. Det har ikkje vore ein målsetning for studentombodet å ta i mot saker på stand og det er svært få som tek kontakt direkte - og når dei får tilbod om gratis kaffi. Likevel er det ein merkbar tendens til at studentar som har sett ombodet på stand tek kontakt elektronisk i ettertid. Oppfatninga er at stand fungerer.

■

BLACK FRIDAY
OPPTIL 100 % AVSLAG
ALLE TENESTER GRATIS
TA KONTAKT I DAG!
STUDENTOMBODET.NO

* Tilbodet gjeld ein begrensa periode på kvar dag heile året, alltid.

Strategiske anbefalingar

Dei strategiske anbefalingane i Studentombodet sin årsmelding er retta til rektor og styret. Anbefalingane gjeld for HVL som heilskap i eit langsiktig perspektiv.



Oppfølging av tidlegare strategiske anbefalingar

Anbefalingar frå 2018

I rapporten for 2017 er det lista opp fire anbefalingar for HVL. Dei fire var:

- Offentleggjerings vedtak
- Fastsetting av fristar i forskrift
- Eigenbetaling
- Praksis

Anbefalingane blir ikkje følgt opp av studentombodet sjølv. Under er ei kort oppsummering av stoda på dei einskilte punkta per mars 2019.

Offentleggjerings vedtak

Vedtak i klagenemnda blir endå ikkje offentliggjort. Det er difor endå slik at det er vanskeleg å samanlikne praksis i dei forskjellige klagenemndene og mellom institusjonane. Dette er framleis ei utfordring for rettstryggleiken til studentane.

Om institusjonane ikkje har ressursar til å ta tak i dette sjølv bør ein, i samband med arbeidet med ny universitets- og høgskulelov, vurdere moglegheita for eit felles nasjonalt klageorgan i staden for dei lokale klagenemndene.

Studentombodet ynskjer i samband med lovfesting av tenesta å nytte forvaltningslova § 13 b første ledd nummer 2 og 3 til sjølv å få innsyn i vedtaka klagenemnda fattar for framtida. Rektor og styret vil få meir informasjon om det etter lovforslaget er handsama i Stortinget.

Fastsetting av fristar i forskrift

Arbeidsgruppa for revisjon av dagens studieforskrift

har gjort eit godt og grundig arbeid med å foreslå konkrete fristar i studieforskrifta. Om forslaga blir følgt opp i det vidare revisjonsarbeidet vil ein etter alt å dømme få konkretiserte fristar frå neste studieår.

Det er framleis utfordringar med undervisningstidspunkta som ikkje er løyst. HVL har her diverre ein lang veg å gå for å kome på same nivå som andre utdanningsinstitusjonar på vestlandet.

Eigenbetaling

Det har kome langt færre saker om eigenbetaling i siste halvdel av 2018. Basert på dei sakene som har kome synes det som problemet har minka betraktelig og er på veg til å forsvinne.

Praksis

Prorektor for utdanning hadde beordra igangsetting av arbeid med felles praksisregelverk før rapporten for 2017 blei overlevert styret. Det var svært flott å sjå at anbefalingar blir følgt opp allereie før det ligg føre ei anbefaling. Det syner at HVL i det store og heile prioriterer studentane sine på ein svært god måte.

■

Strategiske anbefalingar 2019

Anbefalingar for 2019

For 2019 er det fire område som skil seg ut i ein slik grad at det er grunn til å gi strategiske anbefalingar til organisasjonen.

Dei fire anbefalingane for 2019 er:

- Fokus på praksis og arbeidskrav
- Styrking av FLKI
- Styrking av studentdemokratiet
- Greie ut læringsmiljøet på Stord

Fokus på praksis og arbeidskrav

Studentane sin rettstryggleik er dårlegast verna i samband med arbeidskrav og i praksis. Studentombodet vil på bakgrunn av saker i 2018 anbefale at det gis klarare interne retningslinjer for bruk av arbeidskrav og for rettleiing ved fare for ikkje bestått praksis.

Styrking av studentdemokratiet

Studentombodet oppfattar studentdemokratiet ved Høgskulen på Vestlandet som svekka i høve til tilsvarende demokrati ved Høgskolen i Bergen. Det er ikkje etablert fungerande studentorgan på fakultetsnivå, opplæringa av tillitsvalde er redusert med 2/3 av tidelegare kurs og valdeltakinga har gått ned med omtrent like mykje.

Det er institusjonen sjølv som har ansvaret for å legge til rette for studentorgana. Slik høva er no ser det ut til at studentdemokratiet ikkje klarer å løfte seg sjølv etter fusjonen. Det kan ha samanheng med at studentdemokratiet har store stordriftsulemper når ein må organisere seg på fleire fjerne studiestader.

Studentombodet anbefalar rektor og styret å auke tilrettelegginga til studentdemokratiet og sikre at dei studenttillitsvalde i alle ledd får nok opplæring til å kunne ivareta oppgåvene sine på ein god måte.

Prioritering av ressursar til FLKI

Studentane på fakultet for lærar, kultur og idrett har fleire negative tilbakemeldingar enn andre studentar. Dei har òg ei meir negativ haldning til fakultet sin handsaming av eigne studentar. Basert på sakene som har kome for studentombodet kan det synes som om strukturen er for komplisert i forhold til kva ressursar fakultetet har til rådighet. Det er òg det fakultetet som slit mest med å planlegge undervisninga, både for obligatorisk og ikkje-obligatorisk undervisning.

Om FLKI skal betre seg verkar det som om styret må ta strategiske grep. Studentombodet anbefalar difor at styret tek eit særleg ansvar for å styrke FLKI.

Greie ut læringsmiljøet på Stord

Ei merkbar mengde av saker med eit høgare negativt tilsnitt kjem frå Stord. Læringsmiljøet på studiestaden synes tidvis å vere kritisk dårleg.

Studentombodet sin oppfatning av læringsmiljøet på Stord, basert på direkte tilbakemeldingar og undersøkinga av studentane sin helse og trivsel, er at læringsmiljøet på Stord ikkje alltid er forsvarleg ivaretekt.

Studentombodet anbefalar at styret gjennomfører ei kvalitativ undersøking av læringsmiljøet blant studentane på Stord.

■

Om Studentombodet

Organisering.

Studentombodet sitt mandat.



Organisering

Studentombodet har i perioden frem til og med 31. desember 2018 vore organisert i HR-avdelinga i Bergen. Frå 1. januar 2019 er ombodstenesta administrativt organisert direkte under prorektor for samhandling. Det følgande gjeld høva i 2019, før rapporten blir levert rektor og styret.

Administrativ organisering

Studentombodet bad sjølv om å byte organisering vekk frå HR. Dei fleste andre studentombod er organisert i HR. Erfaringane så langt er at organiseringa i prorektor for samhandling si linje er svært positiv. Oppfølginga av ombodet som tilsett er langt betre enn tidlegare og moglegheita for å ha ein konstruktiv dialog om utvikling av tenesta har betra seg betrakteleg.

Økonomi

Studentombodstenesta opererer ikkje med eige budsjett. Ut over kostnader knytt til løn reknar ombodet med at kostnadene knytt direkte til tenesta løyper seg til under 250.000, der vel 200.000 er kostnader knytt til reise. Det må då leggest til at ombodet stort sett nyttar privat overnatting ved vitjing på studiestadane og at det bidreg til å holde reisekostnaden nede. Samstundes fører til om lag ein halvering av realkostnaden for staten til kost, etter skatt.

Dei resterande kostnadene knytt direkte til tenesta er mellom anna kostnader til sakshandsamingssystem og anna digitalt utstyr og noko fysisk profileringsmateriell.

Personalkostnader

Studentombodet er jurist tilsett som rådgjevar i lønstrinn 64. Løna er under snittet for studentombod i Norge, og godt under toppunktet. Løna er òg vesentleg lågare enn andre med liknande oppgåver og ansvar ved Høgskulen på Vestlandet.

Arbeidstid

Arbeidstida er innafor rammene av normalarbeidstida og overtid blir ført som avspasering til gode. I røynda er arbeidstidsbelastninga på grunn av reise mellom studiestadene mv. på om lag 1,1 og 1,2 årsverk. Det er vanskeleg å legge reisetid i normalarbeidstida og det er tilsvarande vanskeleg å planlegge for fornuftig uttak av avspasering. Studentombodet har på tross av ein del avspasering til gode, god restkapasitet til sakshandsaming som kan tas ut ved å samarbeide med fleire institusjonar om tenesta. Det er satt i gang eit arbeid med å undersøke og ev. få på plass slik samarbeid.

Utfordringar med dagens organisering

Den største utfordringa med dagens organisering er at saker vil bli liggande dersom ombodet skulle bli akutt sjuk, eller liknande. Noko av denne utfordringa kan bli møtt med samarbeid om sakshandsamingssystem - som ombodet allereie driv med. På lenger sikt synes det som hensiktsmessig å søke å organisere ombodsfunksjonen i samarbeid med fleire utdanningsinstitusjonar for å få til ei teneste med fleire tilsette, som er meir solid over tid.

Inntil vidare er likevel ombodstenesta ved Høgskulen på Vestlandet i svært god stand til å møte dei utfordringar studentane har. Det er ingen grunn til å vere bekymra - men me kan sjølvsgatt bli betre.

■

Mandat for Studentombodet

§ 1

Studentombodet ved HVL skal vere ein uavhengig bistandsperson som har som oppgåve å gje studentane råd og hjelp der studentane har tatt opp eller ønskjer/vurderer å ta opp tilhøve knytt til sin studiesituasjon. Studentombodet skal sjå til at sakene får ein forsvarleg og korrekt handsaming, og at studentane sine rettar vert ivaretekne.

§ 2

Studentombodet skal aktivt informere om sin funksjon til studentane ved HVL, og gje opplæring til studenttillitsvalde om studentanes sine rettar og plikter.

§ 3

Stillinga skal plasserast i organisasjonen på ein måte som syner at studentombodet har ei særleg uavhengig stilling. Studentombodet kan ikkje instruerast i høve til oppgåvene sine og har sjølv ikkje instruksjonsmynde over einingar ved HVL.

§ 4

Studentombodet skal bidra til at saker kan løysast på rett nivå i organisasjonen. Ombodet har sjølv ikkje mynde til å avgjere saker, og er ikkje klage- eller ankeinstans for saker som er handsama og avgjort av andre einingar eller organ ved HVL.

§ 5

Studentombodet skal kvart år rapportere om si verksemd til rektor. Rapportane leggjast fram for høgskulestyret, studentparlamentet og Læringsmiljøutvalet til orientering. Rektor vert fortløpande orientert om spesielt alvorlege saker, eller saker av prinsipiell tyding.

§ 6

Studentombodet kan på eige initiativ fremje saker direkte for høgskulestyret.

§ 7

Studentombodet kan sjølv avgjere om ho/han kan bistå ein student i ei sak eller ikkje. Det skal alltid grunngjevast når ombodet avslå å bistå i ei sak, og avslaget kan ikkje klagas på. Om studentombodet ikkje kan bistå i ei sak, skal ombodet vise studenten vidare til rette instans.

§ 8

Studentombodet har berre innsyn i dokumenta i ei sak i den grad studenten det gjeld har gitt samtykke til innsyn. Studentombodet har teieplikt om alle har tilhøve ho/han vert kjend med gjennom sitt verke etter Forvaltningslova § 13.

§ 9

Verken studentar eller noko organ ved høgskulen har rett til innsyn i studentombodet sine saker.

§ 10

Både studentar og tilsette skal kunne melde frå til studentombodet om kritikkverdige tilhøve knytt til studiesituasjonen ved HVL. Det skal kunne meldast frå konfidensielt.

§ 11

Det er berre høgskulestyret som kan treffe avgjersler om eventuell innskrenking eller nedlegging av studentombodet sitt mandat.

■



Alle bilder i rapporten er henta frå unsplash.com om ikkje anna er skrevet.

